

## KALIFEN SOM VAR STORK

### I

Kalif *Chasid* i Bagdad laag ein ettermiddag og strekte seg lat burtpaa ein putebenk. Han hadde nyst sove middag og var rett i godlag. Det var han alltid, naar han hadde fenge middagskvildi.

Dette visste storvisiren hans og lyddest gjerne um han paa denne tidi.

I dag kom han òg, men saag so keid og leid seg ut, at kalifen laut spyrja, um eitkvart sers stod paa.

Storvisiren la armane i kross paa bringa, bøygde seg djupt for kalifen, og svara:

«Herre, det stend ein kræmar utanfor slottet, og han hev so mange gilde ting eg gjerne vilde ha kjøpt. Men eg er snaud for pengar i dag, so det er raadlaust aa tenkja paa den ting.»

Kalifen vilde gjerne gjera ministeren sin ein hugnad og sende bod paa kræmaren.

Det var ein liten tjukkfallen mann, svart-brun i andletet og fillut og føl som ein fant. Paa ryggen bar han eit skrin med allslags varor i, perlor og ringar, gilde pistolar, staup og kammar.

Kalifen og visiren saag paa alt, og til slutt kjøpte kalifen eit par pistolar til seg og stor-visiren, og ein ven ring til kona hans.

Daa kræmaren skulde lata att skrinet, fekk kalifen sjaa ei liti skuff, dei ikkje hadde sét nedi, og spurde um det var varor der med.

Kræmaren drog skuffa ut og synte dei ein daase med noko svart pulver i, og eit papir med ei underleg skrift som korkje kalifen eller visiren kunde lesa.

«Eg fekk dette av ein kjøpmann som fann det paa gata,» sa kræmaren. «Men eg skynar ikkje skrifti. Vil de kjøpa det, skal de faa det for ein spottpris, for eg fær venteleg ikkje selt det nokon stad, kor som er.»

Kalifen kjøpte det for moro skuld, og lét kræmaren gaa. Men di lengre han saag paa papiret, di meir forviten vart han, og spurde storvisiren um ikkje han kjende einkvan, som kunde tyda denne skrifti.

«Store herre,» svara denne. «Burt-med den store kyrkja bur ein mann som heiter Selim den vise. Kann henda kann han løysa denne gaata.»

Den vise Selim vart bodsend.

«Selim!» sa kalifen. «Dei segjer, du skal vera so urimeleg lerd. Sjaa no vel paa denne skrifti her og seg kva som stend der. Kann du tyda ho, skal du faa hundrad gullpengar. Kann du ikkje, fær du bank, med di du ber namnet «den vise» og ikkje fortener det.»

Selim bøygde seg djupt for kalifen og sa:  
«Lat so skje, herre!»

Han saag lenge paa skrifti, og ropa til slutt:  
«Det er latin, herre, eller du kann hengja meg upp!»

«So seg kva der stend!» bad kalifen.

Selim las:

«Du menneske, som dette finn, pris Gud for hans naade! Den som snusar av pulveret i daasen og segjer *mutabor*, han kann skapa seg um til kva dyr han vil, og skynar samstundes allslags dyremaal. Vil han verta menneske att, tarv han berre bøygja seg tri gonger mot aust og segja same ordet. — Men akta deg vèl, naar du er umskapt, so du ikkje kjem paa laatten; elles gløymer du galder-ordet burt, og lyt vera dyr, so lenge du lever.»

Daa Selim den vise hadde lese dette, vart kalifen baade glad og fegen. Han tok mannen i eid paa, at han aldri skulde nemna eit ord um dette til noko menneske og sende han ifraa seg med rike gaavor.

So gnika han seg i hendene og sa til storvisiren:

«Det var rett eit fagna-treff med denne kræmaren. Eg beintfram lengtar etter aa koma i dyreham. — Kom burt-til meg i morgen tidleg, so gjeng me ut paa marki, tek eingrand snus og skynar kvart levande kryp i skog og mark.»

## II

Kalifen var berre so vidt i klædi komen morganen etter, so kom storvisiren. Han stakk daasen i lumma og var med visiren.

Dei laut langt og lenger enn langt, fyrr dei naadde ut or byen og burt-i marki. Men alt dei leita og gloste ikring seg, saag dei ikkje levande kryp nokon stad.

Endeleg kom visiren paa, at dei skulde gaa burt paa ein aaker ikkje langt derifraa. Her hadde han jamt set fugl, helst stork, og dei var so hjarteleg løgne aa sjaa paa, som dei valsa ikring paa dei lange skrinne beini sine og knepra med nebben.

Dette var kalifen med paa, og dei gjekk burt.

Der stod rett nok ein stork. Der kom det ein til, og verkeleg saag det ikkje ut plent som desse two stod og slo av ein prat.

«Eg vaagar skjegget mitt paa, at desse two langbeini hev ei gild samrøde no. Kva segjer du til aa verta stork, naadig-herre?»

«Det hev du rett i,» sa kalifen. «Men lat meg fyrst sjaa, kva som skal til, so me vert menneske att. — Det er rett, ja! Me skal bøygja oss tri gonger mot aust og segja *mutabor*, so vert eg kalif og du visir. Men me lyt akta oss, so me ikkje kjem paa laatten, elles er det ute med oss.»

Kalifen tok fram daasen, snusa rett godt, og flidde han til visiren, som gjorde likeins. So ropa dei baae: *mutabor!*

Daa vart leggene deira tunne og skrinne og raude, og dei fine gule skorne dei hadde paa føtene vart til stygge storkebein. Armane vart venger. Halsen skaut seg fram or akslene og vart minst ei aln lang. Skjegget var burte, og heile kroppen dekt med kvite fjør.

«Du hev rett ein gild snabel, storvisir,» sa kalifen. «Ved profeten sitt skjegg, maken til pulver» — —

«Eg segjer takk, herre,» sa storvisiren og bukka. «Um eg maatte vera so fri, so tek ikkje du heller deg mindre godt ut no du er stork, enn daa du var kalif. —

Men vil du som eg, herre, so lat os lyda etter kva dei segjer, dei two felagane vaare derburte um so er, at me verkeleg skynar storkemaal.»

Dei two nye storkane skunda seg burt til dei andre two, og det var ikkje fritt anna dei vart forbina, daa dei fekk høyra soveri samrøde:

«Godmorgen, fru Langbein, alt so tidleg paa føtene?»

«Aa, er det du, kjære Kneprenebb! Ja, eg laut ut etter noko mat til morgons. Hev du hug paa ein beitemakk eller eit paddelaar, kann henda?»

«Eg segjer takk, men eg hev ingen mathug idag. Eg kjem i anna ærend, eg. Far skal ha gjestebod i kveld, og eg skal dansa for gje-stene. No vilde eg berre av og øva meg upp ein grand fyreaat.»

Den unge storkejomfrua gjorde no dei løgnaste steg og kast burretter marki. Kalifen og visiren saag forundra paa ho. Men daa ho gav seg til aa staa paa ein fot og flaksa med vengene i seindregi takt, daa var dei ikkje gode til aa halda seg lenger. Dei sette i ein laatt, so dei heldt paa aa missa pusten.

Kalifen var den fyrste som raadde ved seg att.

«Det var daa synd me skulde skräma burt dei løgne fuglane. Elles hadde me kann henda fenge høyrt dei *syngja attpaa!*»

Men no kom storvisiren i hug, at det var so strengt forbode aa læ, naar ein var umskapt, og nemnde dette til kaliften.

«Mekka og Medina! Det skulde sjaa ut, um eg heretter laut vera stork all min dag. Kann *du* minnast det vrange ordet? Eg kjem det ikkje i hug lenger.»

«Me skulde bøygja oss tri gonger mot aust  
og ropa mu — mu — mu — —»

Dei snudde seg mot aust og bøygde seg alt i eitt, so nebbene mest duppa i marki. Men trollordet var som blaase burt. Alt det dei bøygde seg og skreik mu — mu —, so hjelpte det ikkje.

Arme Chasid og visiren hans var og vart verande storkar.

### III

Møduge og modlause vildra dei arme storke-menni burt-etter markene. Dei visste ikkje, kva dei skulde taka seg til. Or storkehamen kunde dei ikkje koma, og attende til byen vaaga dei seg ikkje.

Kven hadde hørt gjete, at ein kalif kunde verta til stork? Og endaa um folk trudde dette, kven vilde daa ha ein stork til kalif?

Dag etter dag smaug dei seg ikring, og svalt mest i hel; for ormar og paddor kunde dei ikkje eta, og røter hadde dei vondt for aa faa i seg med dei lange nebbane.

Einaste tidartrøyt dei hadde i dette syrgje-lege livet var aa fljuga upp paa eit hustak i byen og sjaa kva som der gjekk for seg.

Ein dag var det stort røre i byen. Gjenom alle gator drog eit drustelegt fylgje. — Dei slo paa trumme og bles i trompet. Fremst i fylgjet reid ein mann paa ein gild hest. Sjølv

var han overlag grumt klædd, og hadde ei mengd med tenarar ikring seg.

Halve Bagdad var paa føtene, og alle ropa og skreik: «Lenge leve Mizra, kalifen i Bagdad!»

Daa saag dei two storkane paa kvarandre, og kalifen sa:

«Skynar du no, kvi eg hev vorte forgjord, storvisir? Denne Mizra er son til trollmannen Kaschmir som er verste fienden min.

Men enno gjev eg ikkje upp all von. Fylg med, du trugne felagen min! Me vil gaa til profeten si grav. Kann henda vert trolldomen løyst paa denne heilage staden.»

So letta dei paa vengene og flaug burtimot Medina. Men det gjekk smaatt med fljugingi; dei hadde so liten tame.

«Aa herre,» stunde storvisiren, daa dei hadde floge eit par timars tid. «Du lyt orsaka, men eg greider ikkje dette lenger; du flyg so snøgt. Og elles so er det snart kvelden, so det er venteleg best me finn ein plass aa vera med natti.»

Chasid heldt med han i dette. Og daa dei saag røysane etter eit gamalt slott, flaug dei dit.

Fagre sulor stakk upp or grusdungane. Og fleire rom hadde seg so godt, at ein enno kunde sjaa kor staselegt huset maatte ha vore i sine velmakts dagar.

Chasid og felagen hans for rundt gangane  
og vilde finna ein turr stad.

Med eitt stogga visiren upp.

«Store herre,» kviskra han stilt. «Det er nok taapelegt av ein storvisir, og endaa taapelegare av ein stork aa vera redd skrymt. Men ja menn er eg ille til mode, for tett her attmed høyrde eg det sukka og stunde so følt.»

Kalifen stogga og lydde etter. No høyrde han einkvan som grét.

Forviten vilde han gaa dit graaten kom ifraa; men visiren treiv han i vengene med nebbben og naudbad han, at han ikkje maatte vingla seg ut i nye vaadar. Men det hjelpte ikkje. Kalifen reiv seg laus, og pilta inn i ein myrk gang. Han kom snart til ei dør som stod paa glytt. Og der høyrde han skilleg koss det grét i eit rom innanfor.

Han støyte døri upp med nebbben, men vart standande der reint forbina. — I eit audslekt rom, som einast fekk dagsljos gjennom eit lite glas i taket, sat det ei stor katt-ule nedpaa golvet. Tunge taaror tipla or dei store, runde augo, og ut or den krøkte nebbben lyddest haase klagerop.

Men ikkje fyrr fekk ho sjaa kalifen og visiren, som no kom til, so sette ho i høge glederop. Med vengene gnika ho graaten or augo og ropa paa godt arabisk maal til dei two storkane:

«Velkomne, gode storkar! De er eit varsel um, at eg snart skal verta utløyst. Det er ein gong spaatt, at eg skal naa lukka mi ved ein stork.»

Kalifen vart storleg undren. Han bukka djupt, og sa:

«Etter dette, katt-ule, lyt eg tru, at du hev kome ut for same vanheppa som me. Men diverre, me er nok ikkje gode til aa frelsa nokon. Det skynar du best, naar du høyrer, koss alt hev bore til med oss.»

Kattula bad han fortelja alt, og det gjorde kalifen.

#### IV

Daa han slutta, takka ula han, og sa:

«No skal de høyra *mi* soge, og seg so, um eg ikkje hev aarsak til aa graata og klaga.

Far min er konge av India, og eg er einaste dotter hans; eg heiter Lucie. Den fæle trollmannen Kaschmir, han som forgjorde dykk, er den same som hev ført meg upp i ulukka. Han kom til far ein dag og fria til meg for sonen sin. Far er noko braa av seg og kasta han ned for troppene. Men han visste nok koss han skulde faa hemn. Ein dag eg sat ute i hagen, tok han tenar-ham paa seg og kom med ein torstedrykk eg hadde bede um. Paa den maaten vart eg forgjord til ei fæl katt-ule.

Eg vart mest ifraa meg av redsle, men eg kann enno minnast, at han tok meg hit og skreik inn i øyra paa meg, daa han gjekk:

«Her skal du vera, so føl at jamvel dyri flirer aat deg, — til du ein gong døyr, eller ein kvan vil hava eit sovore skrymt som deg til viv. Det kann far din ha til straff, for han var so kaut paa det.»

Sidan er mange maanader lidne, og her hev eg sete heile denne lange tidi. Eg kann ikkje ein gong finna ei liti trøyst i den fagre naturen, for eg er blind dagen lang.»

Ula kunde ikkje halda seg for graat, naar ho tenkte paa alt det ho hadde lote gaa igjenom, og gnika taarone or augo med vengen.

Kalifen vart staaande der reint fortenkt.

«Det ser ut som det er ein samanhang i dette,» sa han. «Men kvar finn me løysingi paa denne gaata?»

Ula svara:

«Eg trur mest, eg skynnar ho no. Den trollmannen som hev gjort oss baae so usæle, kjem hit ein gong kvar maanad. Lenger burt-i slottet er ei hall; der plar han halda lag med nokre vene. Meir enn ein gong hev eg stade utanfor døri og lydt paa dei. Daa fortel dei kvarandre um alt det fælslege dei hev gjort sidan dei var sist i lag. Kann henda kann de daa faa høyra att det vrangske ordet de ikkje kann koma i hug no.»

«Aa hjartans deg, prinsesse,» ropa kalifen,  
«seg oss, kvar denne halli er.»

Ula tagde ein augneblink, fyrr ho sa:

«De lyt orsaka, men eg kann berre segja det  
paa eitt vilkaar.»

«So seg det. Alt du krev skal du faa,»  
skreik kalifen.

«Ja, de skynar, at eg med vil gjerne verta  
frelst. Men det kann eg ikkje, utan at ein av  
dykk tek meg til viv.»

Storkane var noko lap-øynde og saag paa  
kvarandre. So gjorde kalifen teikn til visiren  
at han skulde fylgja utfor døri eit bil.

«Du storvisir,» sa kalifen, daa dei var so  
langt komne, at ula ikkje kunde høyra dei.  
«Det var eit leidt pék, dette. Men du kann daa  
alltid taka ho du, veit eg.»

«Aa so no!» svara denne. «Og lata rette  
kona mi klora ut augo paa meg, naar eg kjem  
heim. Attpaa er eg ein gamal mann, og du,  
herre, er ung og ugift. Det høver betre, at  
du gifter deg med ei ung og fager prinsesse.»

«Ung og fager,» sukka kalifen. «Det er nett-  
upp saki. Kven borgar for, at ho er ung og  
fager. Dette vert daa rett aa kjøpa katt i  
sekk.»

Dei stod der soleis ei stund og antrast um  
dette. Men daa kalifen skyna, at visiren heller  
vilde vera stork all sin dag enn aa gifta seg  
med ula, laut han sjølv til endaa so uhuga  
han var.

Ula vart ikkje lite glad. Ho sa, dei kunde ikkje ha kome paa ei betre tid; for det var nett i denne natt, trollmannen pla halda laget sitt.

Ho fylgde storkane burtetter ein lang, myrk svalgang. Endeleg saag dei det lyste or ei rive i murveggen, og ula bad dei for guds skuld fara varleg, for der inne var det.

Dei glytte igjenom riva i veggen og saag inn i ei stor hall. *Der* var høge gilde sulor, og gull og sylv so det lavde. Under taket hekk flust upp av manglita lampor, so halli var klaart upplyst. — Midt paa golvet stod eit bord med dei finaste matslag. Og inn til bordet stod putebenker, der aatte mann sat og godna seg.

Storkane kjende att den eine av desse mennene. Det var den kræmaren som hadde selt pulverdaasen til dei.

Sidemannen hans bad han fortelja nytt, og so fortalte han um kalifen og storvisiren som han hadde skapt um til stork.

«Kva for eit ord gav du dei?» spurde ein annan trollmann.

«Eit vrangt latinsk ord som heiter *mutabor*.»

## V

Daa storkane høyrdette, visste dei mest ikkje til seg av glede. Dei pilta so skjott att-

ende burtigjenom gangen, at ula mest ikkje vann aa fylgja.

Daa dei var komne ut under berr himmel, snudde kalifen seg kløkt til ula og sa:

«Kjære ule, du hev frelst baade meg og venen min. Til takk bed eg um du vil verta vivet mitt.»

Sidan snudde han seg mot aust. Tri gonger bøygde storkane seg mot soli, som nett reis upp attum aasane.

«*Mutabor!*» ropa dei, og i ein-two-tri var dei menneske att. Herre og tenar laag i armane paa kvarandre og baade lo og grét paa ein gong.

Men kven var det, dei der saag!

Ei fager kvinne i dronningbunad stod framfyre dei. Ho var so ven at kalifen vart heilt upp fjetra.

Med ein smil rette ho handi ut imot han.

«Kjenner de daa ikkje att katt-ula?» spurde ho.

Det var kattula! Kalifen vart so daara av ho plent paa timen, at han ropa:

«Det er ei stor lukke, at eg hev vore stork!»

Alle tri i fylgje gav seg no paa vegn til Bagdad. Som vel var fann kalifen i lumma si ein full pengepung. I den fyrste landsbyen dei kom til, kjøpte han hest og vogn, so det stod ikkje lenge paa, fyrr dei var framme.

Her i Bagdad vart folk storleg forstøkta

daa dei fekk sjaa kalifen att. Dei hadde meint at han var død, og no vart dei baade gilde og glade, daa den umtykte herren deira kom att.

So mykje harmare vart dei paa Mizra, som hadde loge seg truna til. Dei braut inn paa slottet og tok baade han og den gamle trollmannen til fange.

Kalifen baud, at dei skulde taka gamlingen burt i det same romet der ula hadde vore og hengja han upp der. Men sonen som ikkje kunde nokon av kunstene til far sin, gav kalifen valet millom aa døy eller aa snusa av trollpulveret. Han valde dette siste, og vart umskapt til stork. So sette dei han i eit jarnbur, og her laut han vera til han døydde.

Kalif Chasid fekk leva lenge og vel saman med dronningi si, uleprinsessa hadde vore.

Dei gildaste stundene han visste, var naar visiren um ettermiddagen lyddest burt um han. Daa rødde dei jamt um storke-eventyret sitt. Og naar kalifen retteleg var i godlaget hermde han etter visiren daa han var stork. Aalvorsamt gjekk han att og fram paa golvet, svinga med armane og synte koss visiren bukka og bukka og bøygde seg mot aust og skreik «mu-mu!»

Kalif-dronningi og borni hadde alltid sin største gaman av dette. Men gjekk kalifen *vel* lenge att og fram og nikka og skreik «mu-mu!», daa lo visiren og truga kalifen med, at heldt han ikkje no upp, so skulde han for sin part fortelja

kalifdronningi kva dei two hadde tala seg imil-lom utanfor døri til prinsesse *Kattule*.

Daa Selim Baruch hadde fortalt ut, takka dei han alle, og var baade gilde og glade.

«Ettermiddagen hev gjenge, so me aldri hev gaatt det,» sa ein og glytte ut. Kveldsvinden er sval, og me kunde enno koma eit godt stykke lenger.»

Det var dei alle med paa. Telti vart ned-tekne, og karavanen rusla av stad i rad og rekkje nett som fyrr. Dei reid mest all natti, for um dagen var det for heitt, og nettene var denne aarsens tid ljose og stjerneklaare.

Dei kom langt um lenge til ein god kvilestad, slo telti upp og roa seg.

Framandkaren stelte dei med og var so vyrk for han som vøre han beste freunden deira. Den eine gav han dynor, den andre overbreidsle, ein tridje laante han trælar. Han fekk det i det heile so godt, som hadde han vore heime.

Det leid langt paa dag daa dei vakna, og dei vart alle samde um, at her vilde dei vera til ut-paa kvelden. Daa dei hadde ete, drog dei seg nær i hop, og den yngste kjøpmannen sa til den eldste:

«Selim Baruch gav oss ein gild ettermiddag i gaar. Kva seier du Ahmed um aa fortelja oss eitkvart, anten det so er noko du sjølv hev vore ute for eller eit gildt eventyr?»

Ahmed tagde ei stund og tenkte etter.

Daa sa han: «Kjære vener, eg hev paa denne ferdi vorte kjend med dykk og veit at de er gode og trugne felagar. Selim kann eg i vissa òg lita paa. So no skal eg fortelja dykk noko ifraa mitt eige liv, som eg ikkje hev nemnt til levande menneske fyrr: